



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Trekking/oppretthalding av motsegn - Uttale til andre gangs høring av kommuneplanens arealdel - 2025-2037 - Hustadvika kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Kommuneplanens arealdel for Hustadvika kommune er sendt på andre gongs høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Vi er nøgd med at mange av våre motsegn og merknader til første gongs høyring er tatt omsyn til. Vi ser de har jobba godt med revidert planforslag.

Vi har ikkje lenger motsegn til følgande:

- ABA9 – naust Vikan/Sjåholmen (ABA4 ved første høyring)
- FB159 – fritidsbustader Hustad – Malevegen
- Føresegner naust – 100m² dobbeltnaust
- Naustområde ABA6 på Vestad/Håundet
- Føresegner om naust inntil 45m² langs innlandsvatn og vassdrag
- Areal for råstoffutvinning RU4 og deponi ABA7
- Samlokalisering RU11 og RU13 i Rødal med bustadbygging
- FTU4 – fritids- og turistføremål Gådalsvatnet
- B22 og B25 Elnestangen
- NÆ121 – næringsareal Åsvegen
- ABA6 – naust Vestad/Håundet
- LSB22, LSB23 og LSB19 (ny LSB34) – spreidd bustad
- B158 (ny B115) – bustad Krakelia
- Manglande byggegrense mot sjø som varetar ålmenne interesser
- Arealføremål og føresegner



- *Byggegrense mot vassdrag må ivareta miljøinteressene*
- *Uavklarte turveggar*
- *Mangelfull oppfølging til avdekka skredfare*

Ved andre gongs høyring har vi motsegn til følgande:

- *Næringsareal Varholmyrane og V22 – Varholvegen BA 114, BA127, ST1, BA129 og BA128 (tidlegare NÆ103, NÆ103 og V22)*
- *IDR11 (ny IDR13)*
- *RU6 og RU7*
- *BA53 - Einsetvågen*
- *B122 – Sylte-Lauvåsen*
- *B184 - Sylte-Lauvåsen*
- *FTU2 – Bergset/Fagervika*
- *ABA7 – Gaustadvegen*
- *ABA19 -Elnesvågen -Elnestangen*
- *Mangelfull ROS-analyse*
- *Reell fare ikkje sikra på siste plannivå*
- *Mangelfull oppfølging av avdekka stormflodfare*

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Dei ulike arealføremålsområda er ved andre gongs høyring kopla saman med føresegnene (kortnamn +nummerering) og omsynssoner er lagt til i plankartet. Vi rår som NVE skriv til at dette blir lagt inn digitalt med moglegheit for å slå av og på dei ulike kartlaga så plankartet blir lettare å lese.

Vi **trekker motsegna** vi fremma til bruk av arealføremål og føresegner.

Vi finn at bruk av hovudføremål bebyggelse og anlegg på gjeldande reguleringsplanar gjer plankartet vanskelegare å lese og forstå. Det tek lengre tid å sette seg inn i kva føremål som gjeld når underføremålet ikkje er synleggjort. Vi rår difor til at de viser underføremål framfor hovudføremål i plankartet.

Føresegner

Generelt vil vi peike på at signaler om ønsker for framtidig arealbruk og regulering ikkje kan tas inn som rettsleg bindande føresegn. Slike føringar bør eventuelt angis i retningslinjene.

I § 1 er det sagt noko om forholdet til eldre planar, plankrav, rekkefølgjekrav og utbyggingsavtalar. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 1-5 slår fast at ein ny plan vil gjelde før eldre plan, men det er opna for at kommunen kan gjere unntak frå denne hovudregelen.

Innhaldet som er lista opp i bokstav b og c følgjer såleis direkte av pbl. § 1-5, og krev slik sett ikkje eiga føresegn. Når det gjeld bokstav d, vil vi gjere merksam på at det ikkje gjennom fastsetting av omsynssone H910, plankart eller føresegn er rettsleg heimel for å gjere unntak frå hovudregelen i pbl. § 1-5.



Heimelen for å gjere unntak frå hovudregelen i pbl. § 1-5 vil vere i sjølve planvedtaket, dvs. vedtaket av kommuneplanens arealdel. Dette rettslege standpunktet går tydeleg fram av ein nyare tolkingsuttale frå Kommunal- og distriktsdepartementet, datert 15. mai 2025. Tolkingsuttalen kan lesast [her](#).

I tillegg har vi følgjande merknader til dei andre føresegnene:

- § 1.4 – Vi rår til å endre frå «frafall» av plankrav til «unntak» fra plankrav.
- I § 1-4 a er det opna for unntak frå plankrav for frådelling og bygging av inntil tre bustader. Vi er uroa for at dette vil føre til ei bit-for-bit forvaltning av bustadområda, og at det kan vere fristande for utbyggjar å bygge tre bustader av gongen for å unngå plankrav. Krav om nærleikeplass slår til dømes ikkje inn før femte bustadeining. Vi rår til at å ta ut dette unntaket.
- § 1.5 – rekkefølgjekravet er for vagt formulert og må vere meir konkret.
- § 1.6 bokstav b: Kva er heimelsgrunnlag for dette? Det kan bare fastsettast slikt økonomisk krav gjennom sjølve utbyggingsavtalen.
- § 2.2.1 bokstav a – gir ei generell byggegrense mot sjø, som uansett av pbl. § 1-8, og er egentlig overflødig. Sjå avsnitt lenger ned om strandsone.
- §§ 3.2 og 3.3 Det er gitt i føresegnene til arealdelen gitt føringer for regulering. Sjå kommentar frå forrige runde. Eventuelle føringer må utformast som retningslinjer. Dette gjeld fleire punkt i føresegnene.
- § 5.1.4 «som hovedregel» bør endrast til skal.
- § 6.1 bokstav d. Dette er eit døme på at det framleis er tatt inn ein del rettleiande tekst i føresegnene, som ikkje bør stå som føresegn men som retningslinje eller informasjonstekst.
- § 8.3 viser til at «vesentlig utvidelse og nye større tiltak» krev reguleringsplan. Det bør angis i retningslinjene kva som er meint med vesentleg og større tiltak.

Dei punkta i føresegna vi fremma motsegn til er tatt ut i reviderte føresegner, og vi **trekker motsegna** til føresegnene.

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

ABA9 – naust Vikan/Sjåholmen (ABA4 ved første høyring)

Vi fremma motsegn til ABA4 inntil svaberget med raudlista og trua strandeng er tatt ut av utbyggingsområdet. Arealet er no justert i tråd med vårt innspel. Vi kan dermed **trekke motsegna**.

FB159 – fritidsbustader Hustad – Malevegen

FB159 er tatt ut av planforslaget og avsett til LNF føremål. Vår **motsegn fell bort**.

FTU6 - Areal for fritids- og turistføremål FTU4 ved Gådalsvatnet (FTU4 ved første høyring)

Vi **trekk motsegna**, men rår til å innskrenke arealet enda meir i aust. Vi oppfordrar til å trekke arealet heilt ut frå registrert atlantisk høgmyr for å gje ein buffer til tilsig av vatn ned mot vatnet.



Område for råstoffutvinning

Vi bad ved første gongs høyring om ei utgreiing om ressurstilgangen frå eksisterande masseuttak i området og i kommunen i eksisterande masseuttak.

Vi har forståing av at behov for massar er stort i Hustadvika. Vi er opptatt av at kommunane gjer vurderingar av massehandtering på eit overordna nivå, og at uttak av stein skjer på rett plass. Kommunane må også vere bevisste på å legge til rette for at massar kan brukast om igjen.

Ved første gongs høyring fremma vi motsegn til RU4 råstoffutvinning og ABA7 – deponi Vestadvågen/Råkhauken, RU6 Stavika/Skråbakken (Kjørsvika) (RU5 ved første gongs høyring) og RU7 Stavik/Åsvegen (RU6 ved første gongs høyring).

RU4 og ABA/

Ved andre gongs høyring er RU4 og ABA7 tatt ut av planforslaget og vi har **ikkje lenger motsegn** til desse areala.

RU6

RU6 og RU7 er vidareført i andre gongs høyring. Vi viser til vår uttale datert 27. juni 2025 der vi opprettheld motsegna til reguleringsplan for masseuttak Kjørsvika (RU6). Her har vi skrive at vi opprettheld motsegna til reguleringsplanen, men at vi kan trekke motsegna om arealet blir redusert og terrengdekkande myr blir tatt ut av plana (sjå uttalen til reguleringsplanen for nærare skildring) Tilsvarende **opprettheld vi motsegna** til RU6 i arealdelen inntil arealet er redusert.

RU7

Når det gjeld RU7 viser vi til vår uttale til første gongs høyring. Dette er eit mindre uttaksområde. Samfunnsnyttan er vurdert som liten, og potensiale for at viktig naturmangfald blir skadelidande er vurdert som høg, samt at masseuttaket vil gje negative verknader for klimagassutslepp. Vi **opprettheld motsegna**.

Næringsareal Varholmyrane og V22 – Varholvegen BA 114, BA127, ST1, BA129 og BA128 (tidlegare NÆ103, NÆ103 og V22)

Vi viser til vår uttale til første gongs høyring. Det er framleis lagt opp til vidareføring av reguleringsplan for industri på Varholmyrane og for Varholvegen. At omsynssona H910 er tatt ut endrar ikkje dette. Reguleringsplana for industri på Varholmyrane er avsett til bebyggelse og anlegg i plankartet der føresegn § 5 sier at «BA1-BA349 er områder med gjeldende reguleringsplan fra før 01.01.2025. Formålet viser en generalisering av hovedformålet i reguleringsplanen, og er ikke en erstatning, nytt forslag eller endring». Vi **opprettheld motsegna** på dette punktet.

BA53 (ABA27 – Einsetvågen (ABA27 ved første gongs høyring)

Tilsvarende som hos dei to reguleringsplanane ved Varholmyrane, er omsynssone H910 tatt ut av planforslaget, men reguleringsplanen er vidareført i planforslaget. Reguleringsplanen legg opp til utbygging av naust der det registrert den sterkt truga naturtypen seminaturleg strandeng. Strandenga utgjer den naturlege kantvegetasjonssona til Einsetvågen/Nåsvatnet dyrefredingsområde, som har som føremål å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Det er forbode å endre fuglane sitt livsmiljø. Vi **opprettheld motsegna**.



Føresegner turveg, turstiar

I plankartet står turveg/turdrag under *Samferdselsesanlegg og teknisk infrastruktur*. Jf. føresegn § 1.2 og § 6.1 er det krav om reguleringsplan for slike tiltak. Føresegn § 3 stiller krav til omsyn ein skal ta ved opparbeiding av turveg og turstiar. Vi kan **trekke motsegna** med vekt på at det er stilt plankrav før opparbeiding, slik at omsyn til naturmangfald kan sikrast gjennom reguleringsplan.

Vassdrag

Vi fremma motsegn inntil det er gjort ei utgreiing av, og fastsett byggegrense mot vassdrag som varetar miljøinteressene, og unntaket frå byggegrense mot vassdrag for landbruksbygg er tatt ut av føresegnene.

Føresegn § 2.2 fastsett byggegrense mot vassdrag minimum 20 meter langs vassdrag med nedbørsfelt under 20 km² og minimum 50 meter langs vassdrag med nedbørsfelt over 20 km². Unntak for landbruksbygg er tatt ut.

Føresegn § 4.5.1 Bevaring av vassdrag sikrar til dømes at naturtypar og kantsoner som naturleg høyrer til vassdraget, som flaummarkskog, meandere og kroksjøer, myr og viktige bekke- og vassdrag skal ivaretakast og oppretthaldast. Vi saknar framleis at desse naturtypane er vist i plankartet med omsynssone naturmiljø.

Vi er nøgd med at det er sett krav til at alle vassdrag med årssikker vassføring skal ha kantvegetasjon på minimum 20 meter for hovudvassdrag og minimum 10 meter for øvrige vassdrag. Langs dreneringsgrøfter og kanalar er det krav om minst 6 meter kantvegetasjon.

Endringane er tilstrekkelege til at vi **kan trekke motsegna**.

Naust langs vatn og vassdrag

Vi fremma motsegn til ei generell opning for naust på 45 m² og dobbeltnaust på 100 m² langs innlandsvatn og vassdrag. Føresegnene er endra og det er no satt grense for å bygge maksimum 20 m² naust langs innlandsvatn, jf. § 5.9 f. Dobbelt-naust på 100 m² er tatt ut. For å synleggjere enda betre at det er ulike krav langs sjø og innlandsvatn bør det i § 5.9 e stå at 45 m² gjeld langs sjø.

De har ikkje gjort ei konkret vurdering av nauststorleik ut frå det konkrete vassdraget, slik vi bad om i vår førre uttale. Ved ein gjennomgang av kartet ser vi at det er utlagt naustområde ved Skarvatnet, Skjellbreia og Langvatnet (med forbehold at det kan vere utlagt ved andre vatn). For dei to førstnemnte er det i reguleringsplan sett avgrensing om opp mot 18 m² og 15 m². Vi kan **trekke motsegna** knytt til nauststorleik langs innlandsvatn og vassdrag, men vi ber om at kommunen gjer ei konkret vurdering slik vi bad om ved første gongs høyring. De bør ikkje opne for større naust i arealdelen som overstyrer den konkrete vurderinga gjort i tidlegare reguleringsplan.

B122 – Sylte-Lauvåsen, utviding av BK4

Arealet ligg langt innfor foreslått byggegrensa på 50 meter mot større vassdrag. Rødalselva er anadrom strekning og er ein viktig gytebekk. Arealet ligg rett ved ein bratt kant ned til elva, og anleggsarbeid her kan fort føre til avrenning til vassdraget. Vi ber om arealet trekkast vekk frå elva i tråd med foreslått byggegrense. Vi **fremmer motsegn** inntil dette er gjort.



Strandsone

Naust – føresegner

Vi fremma motsegn til opning for å bygge dobbeltnaust på 100 m². Ved andre gongs høyring er dette tatt ut av føresegnene. Vi har **ikkje lenger motsegn**. Vi er også nøgd med at maksimum mønehøgde er justert ned til 5 meter.

Byggegrense langs sjø

I reviderte føresegner er det sett byggegrense på 100 meter langs sjø. Formuleringane vi fann problematiske i høve strandsonevernet ved første gongs høyring er tatt ut. Vi kan difor **trekke motsegna**. Vi rår likevel til at de gjer ei konkret vurdering av byggegrense langs sjøen i kommunen. Ei byggegrense på 100 meter i arealdelen vil føre til at eldre reguleringsplanar utan byggegrense treng dispensasjon for å kunne bygge innafor denne sona. For reguleringsplanar som skal gjelde foran kommuneplanens arealdel vil fastsett byggegrense i reguleringsplanen gjelde.

Naustområde ABA6 på Vestad/Håsundet

Naustområdet er tilbakeført til friområde ved andre gongs høyring og vi har **ikkje lenger motsegn**.

FB25 - Rorbu/fritidsbustad i Bud

Om lag 2 dekar areal avsett til naust er foreslått omdisponert til fritidsbustad. I planomtalen står det at det er behov for ein gjennomgang av reguleringsplanen for Bud frå 2001, spesielt med tanke på bygging av bustader, reiseliv og bruk av strandsona. Naust, sjøhus og rorbuer er tema som skal ha særleg fokus og gjennomgang i ein slik plan. De har fått fleire innspel til omdisponering av areal langs sjøen i Bud, men vil avvente ei vurdering til ein reguleringsplanprosess. De bør ikkje vurdere dette arealet annleis. Arealet ligg ytst på eit nes, og kan ha allmenn interesse. Tilgrensande areal langs sjøen i aust og sør er utbygd med fritidsbustader og naust. Ei strekning på om lag 60-70 meter meter er avsett til friområde, men her er det bratt ned til sjøen. Vi rår til å avvente omdisponering til revidering av reguleringsplanen for Bud.

FTU2 - Bud – Bergset/Fagervika

Om lag 10 dekar er foreslått omdisponert frå LNF til fritids- og turistføremål. Arealet ligg i sin heilskap innafor 100 meter grensa til strandsona og innafor registrert naturtype naturbeitemark av låg kvalitet, semi-naturleg strandeng av låg kvalitet og den sterkt truga naturtypen kystlynghei (utvalt naturtype) av moderat kvalitet. Naturbeitemark er ein truga naturtype (VU) og har sentral økosystemfunksjon. Det er aktiv beite på arealet. Tilgrensande areal i sjø er viktig funksjonsområde for ærfugl (VU), gråmåke (VU), havelle (NT), storskarv(NT), toppskarv(LC), siland (LC) og svartbak (LC). Vi fremmer **motsegn** fordi arealet er i konflikt med nasjonalt viktig naturmangfald og omsyna i plan og bygningslova § 1-8.

ABA7 – Gaustadvegen

Innspel om å flytte eit 0,7 dekar stor areal for naust sørover frå eksisterande areal avsett til naust, til ein meir urørt del av strandsona. Flyttinga inneber å spreie inngrepa i strandsona meir utover. Det er grunn strandsone her, og vil kunne føre til fleire terrenginngrep både på land og ut i sjø for å få båt inn og ut av naustet. Der føremålet er flytta vekk frå er det etablert tilkomstveg, det er plass å parkere og det er allereie inngrep i strandsona i form av eksisterande naust, moloar og flytebrygger. Ny plassering er i tillegg på dyrka mark. Vi **fremmer motsegn** til flytting av arealet og ber om at inngrepa blir samla av omsyn til strandsonevernet.



ABA19 - Elnesvågen – Elnestangen

1,2 dekar avsatt til naustføremål på område registrert som svært viktig friluftsområde. Det går ein mykje nytta tursti rett bak naustområdet, med rike natur- og landskapsopplevingar. Det er sett opp skilt med privat område ved eksisterande naust, og det er etablert tiltak i strandsona som verkar svært privatiserande. Strandsona langs Elnestangen bør ikkje privatiserast meir. Området vil med enkle grep gjerast tilgjengeleg for ålmenta og vil kunne vere ei eigna turstopp for dei som syns det er langt å gå til dagens stikk ut post lenger vest. Nye naustområde bør leggest utanom areal kartlagt som svært viktig friluftsområde. Vi **fremmer motsegn** til ABA19.

Landbruk

Bustadområde B158 i Krakelivegen (ny B115) er justert der dyrka marka er teke ut av planforslaget. Vi kan difor **trekke motsegna** til dette området.

Område for spreidd bustadbygging LSB22 og LSB23 er teke bort, og LSB19 (ny LSB34) er justert slik at størstedelen dyrka mark er utelate. Vi **trekker motsegna** til desse områda.

Idrettsanlegg IDR11 (ny IDR13) er framleis med i planforslaget. Dette er eit stort, samanhengande landbruksareal som er ønska omdisponert til idrettsanlegg. Konsekvensutgreiinga gir ingen innsikt i kva konsekvensar tiltaket faktisk vil medføre, bortsett frå sjølve arealbeslaget, eller behovet for meir idrettsanlegg. Matprodusenten må i dag leige jord for å ha nok fôr, nedbygging av landbruksareal kan føre til nedlegging av drifta. Veggen Dalalia bør oppretthaldast som utbyggingsgrense mellom sentrum i vest og mot landbruksområde i aust. Vi **opprettheld motsegna** til dette arealet.

Åsvegen – Klempertåsen, NÆ36, vil omdisponere deler av dyrka mark i aktiv drift og store område med dyrkbar jord som er viktig framtidig utvidings – og næringsareal for matprodusenter. Vi rår til at arealet vert redusert slik at dyrka marka i sør/søraust ikkje vert omdisponert. Likens at større område med tilgrensande dyrkbar jord, som kan vere ein naturleg utviding av eksisterande dyrka mark i aktiv drift, vert utelate frå planområdet. Alternativt at det vert utforma tydelege føresegner for området som ivaretek dei same omsyna.

Det er generelt gode føresegner og retningslinjer som ivaretek landbruksnæringa og jordvernet. Retningsline til føresegn § 5.7 verkar likevel litt ufullstendig/uferdig.

«Det bør være lengst mulig avstand mellom matprodusenter og næringer det»?

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima

Bustadområda B22 og B25 på Elnestangen og næringsarealet NÆ78 på Nerland er tatt ut av planforslaget og vi **har ikkje motsegn** lenger.

B184 - Sylte-Lauvåsen

Arealet omfattar 37 dekar som delvis er djup myr og skog. Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, skal unngåast så langs som mogleg, slik at areala sin evne til lagring og opptak av karbon oppretthaldast. Alternative areal skal vurderast, jf. Statlege planretningslinjer for klima og energi. Vi **fremmer motsegn** til B184, jf. T-2/16 punkt 3.6.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Dokumentasjon av vurderingar og kjelder i ROS-analysen

Det kjem meir systematisk fram av KU kva kjelder som er nytta for å vurdere risiko og sårbarheit for dei føreslegne arealbruksendringane innanfor samfunnstryggleik.



Vurderingane er noko betre synleggjort, men er framleis ikkje tilfredsstillande dokumentert. Som vi skreiv i førre fråsegn er føresetnadane og resonnementa bak konklusjonane i analysen tynt dokumentert, og det er viktig at desse vert tilstrekkeleg synleggjort slik at konklusjonane er mogleg å etterprøve.

Til dømes står det berre kva potensiell/kjent fare som kan vere/er i området for kvart føreslegne utbyggingsområde i KU, men vurderingane om kva dette betyr (kva konsekvensar) det kan ha for føreslegen arealbruk er ikkje synleggjort. Vi ser «tema - ROS» er plassert i ein skala for konsekvensvurdering for utbyggingsområda, men denne skalaen er tilpassa KU-metoden og ikkje ROS-metoden.

Det er heller ikkje skildra korleis avdekka risiko- og sårbarheitsforhold skal følgjast opp i planen. Enten for kvart utbyggingsområde eller samanfatta. Til dømes ved bruk av arealføremål, omsynssoner, planføresegner mm. Denne mangelen gjer at vi i fleire tilfelle er usikre på kor og korleis funn er følgt opp, og om det er følgt opp tilfredsstillande. Sjå mellom anna våre merknadar om reell fare er avklart på siste plannivå, og bruk av omsynssone for flaum og kvikkleire seinare i denne fråsegna.

Vi kan heller ikkje sjå at metoden kommunen sjølv skildrar for ROS-analysen i KU-dokumentet er følgt. Vi ser på denne svakheita som eit direkte resultat av korleis kommunen har vald å integrere ROS-analysen som ein del av KU, og ikkje utarbeide dette som eit sjølvstendig dokument. For samfunnstryggleik er KU meir egna til å dokumentere funn frå ROS-analysen, heller enn å vere eit dokument for sjølve ROS-analysen. Dette mellom anna fordi metoden til KU og ROS-analyse skil seg frå kvarandre. Noko kommunen sjølv har skildra i KU-dokumentet.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen framleis er mangelfull, og **opprettheld motsegna** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1. For meir rettleiing knytt til ROS-analysar og kvalitetskrav til vurderingane i analysen viser vi til DSB sin rettleiar [«Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging – metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga»](#).

Dokumentasjon av reell fare på siste plannivå

Vi ser i merknadsdokumentet til kommunen knytt til motsegn om manglande avklaring av reell fare på siste plannivå, at planen er endra etter ny gjennomgang av utbyggingsplanane. Vi kan ikkje sjå kvar eller korleis dette er følgt opp, og vi er derfor usikre på om planen sikrar avklaring av reell fare på siste plannivå. Når vi sjekkar plankartet for LNFR-område ser det framleis ut som det er opna for utbygging utan krav om reguleringsplan sjølv om det innanfor arealføremålet kan vere naturfare. Vi kan heller ikkje sjå at planføresegnene sikrar at eventuell utbygging i område utan krav om reguleringsplan ikkje kan skje innanfor område med mogleg naturfare.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at reell fare er sikra på seinast siste plannivå. ROS-analysen er her mangelfull, og vi **opprettheld motsegna** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1.

Flaumfare

Planføresegn § 2.2.1 set krav til byggjeforbod langs vassdrag på minimum 20 meter langs vassdrag med nedbørsfelt under 20 km² og minimum 50 meter langs vassdrag med nedbørsfelt over 20 km². Desse avstandane er i tråd med gjeldande rettleiing frå NVE.

Det er utfordrande å finne aktsemdskart for flaum i plankartet. Vi klarar til dømes ikkje å finne igjen kartkoden H320 i sjølve plankartet (utover i teiknforklaringa). I tillegg er føresegna som til første



gongs offentlig ettersyn var knytt til omsynssone for flaum fjerna frå planføresegnene. Når vi ser nærare på omsynssonene i plankartet ser det ut som det er teikna inn omsynssone for flaum. Kommunen må då utforme planføresegn knytt til denne omsynssona som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.

Skredfare

Planen følgjer tilfredsstillande opp avdekka skredfare i bratt terreng gjennom bruk av omsynssoner og planføresegn knytt til sonene. Statsforvaltaren kan **trekke motsegna**, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1, og TEK17 § 7-3.

Vi merker oss at planføresegn § 10.1.1 skildrar kva aktsemdskart som er nytta som grunnlag for omsynssona for skred. Aktsemdskart for kvikkleire er ikkje nemnd, sjølv om det i plankartet ser ut som den aktuelle omsynsona (H310) òg omfattar dette kartgrunnlaget. Dersom dette stemmer må kommunen skildre bruk av aktsemdskart for kvikkleire i planføresegna. Når omsynssona inkluderer aktsemdssone for kvikkleire vert det samtidig misvisande å skrive at planføresegna viser aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Dette bør rettast opp. Alternativt kan kommunen skilje mellom omsynssone som omfattar aktsemdskart for skred i bratt terreng, og omsynssone som viser aktsemdskart for kvikkleireskred.

Ut frå det vi les sikrar kommunen tryggleiken mot kvikkleireskred både med generelle planføresegner (§ 4.4), og bruk av omsynssone og planføresegn knytt til omsynssona (§ 10.1.1). Statsforvaltaren vurderer at det ikkje er naudsynt med generell planføresegn for byggegrunn dersom kommunen nyttar omsynssone med tilhøyrande planføresegn.

Stormflod, havnivåstiging og bølgepåverknad

Planføresegnene for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod har blitt betre, men har framleis manglar. Planføresegnene § 4-1a og § 4-1c gjev motstridande signal. Bokstav a viser til utbygging for «varig opphald» og set krav at desse ikkje skal plasserast lågare enn kote 3. Bokstav c viser til F-2 tiltak med krav til at utbygging ikkje skal plasserast lågare enn kote 2,6 pluss bølgepåslag. F-2 tiltak omfattar dei fleste bygg tilrettelagt for personopphald. Tilsvarande som er skildra i bokstav a. Kva krav til plassering er då førande? Etter vår vurdering er kravet skildra i bokstav c meir i tråd med tryggleikskrava i TEK17. Dersom kommunen ikkje vil ha utbygging lågare enn kote 3 er det mogleg å stille dette kravet, til dømes ved å erstatte kote 2,6 med kote 3, og fjerne bokstav a.

Kommunen har skildra krav til trygg plassering for tiltak i tryggleiksklasse F1 og F2, men ikkje F3. Vi lurar på om dette er eit medvite val. Det er få tiltak som fell innanfor tryggleiksklasse F3, og dersom planen ikkje opnar opp for slike tiltak nær sjø er det ikkje naudsynt å stille krav til F3-tiltak i kommuneplanen. Informasjon om dette kjem derimot ikkje fram av ROS-analysen.

Ettersom planføresegnene gjeld for heile kommunen sitt areal, og vi kan ikkje sjå at det er utelukka arealføremål som potensielt kan opne for utbygging av F3-tiltak nær sjøen, tilrår vi at planføresegnene inkluderer krav til trygg plassering for F3-tiltak.

Statsforvaltaren **opprettheld motsegna** grunna mangelfull oppfølging av avdekka stormflodfare, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1, og TEK17 § 7-2. Kommunen må sikre at krava til tryggleik mot stormflod vert einsarta.



Folkehelse

Ved første gongs høring fremma vi motsegn til samlokalisering av masseuttak RU11 og RU13 i Rødal med bustadbygging. Området for masseuttak er no endra til LNF med omsynssone H590 (sikring mineralressursar) tilknytt føresegn: Føresegner: «*Hensynssone H590 omfatter område med drivverdige råstoffressurser. I disse områdene bør det ikke tillates tiltak som vanskeliggjør framtidig råstoffutvinning*». Vi **trekker motsegna**.

Konklusjon

Vi har trekt mange motsegner og har oppretthaldt og fremma nokre nye. Dette går fram av kulepunkta fremst i brevet.

Om de har spørsmål knytt til motsegnene kan vi stille i eit oppfølgingsmøte om de ønskjer det. Vi rår til å ta omsyn til våre merknader og motsegner, og ønskjer elles lykke til med det vidare planarbeidet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15
Føresegner: Frida Farstad Brevik, tlf. 71 25 84 51

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL